

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer

**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 10.01.2020

**SAKSHANDSAMAR:** Hilde Rudlang

**SAKA GJELD:** **Vurdering av behov for revidering av regional plan for behandling og rehabilitering ved hjerneslag**

**ARKIVSAK:** 2019/8626

**STYRESAK:** **019/20**

**STYREMØTE:** **05.02. 2020**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Vest tek saka til orientering.

## Oppsummering

Behovet for revidering av den regionale planen for behandling og rehabilitering ved hjerneslag har blitt vurdert etter at fase 2 i pakkeforløp for hjerneslag blei publisert i november 2019. Pakkeforløpet for hjerneslag omfattar no heile forløpet frå symptomdebut til vidare oppfølging og rehabilitering etter eit hjerneslag.

Kunnskapsgrunnlaget for pakkeforløpet er nasjonal fagleg retningslinje for behandling og rehabilitering av hjerneslag, revidert i 2017.

På bakgrunn av at det no ligg føre nasjonale normerande dokument for heile behandlings- og rehabiliteringsforløpet ved hjerneslag, vurderer administrerande direktør at det ikkje er behov for å revidere den regionale planen for behandling og rehabilitering ved hjerneslag. På grunnlag av resultatane frå målingane av pakkeforløpet for hjerneslag vil administrerande direktør i 2021 gjere ei ny vurdering av behovet for ein regional gjennomgang.

## Fakta

Regional plan for behandling og rehabilitering ved hjerneslag blei utarbeidd i 2012.

Av styresak 124/19 *Oversikt regionale planar under arbeid – november 2019*, under administrerande direktør si orientering, går det fram at behovet for revidering av den regionale planen vil bli vurdert etter ferdigstilling av fase 2 i pakkeforløp for hjerneslag. Det skal ikkje nødvendigvis vere ein regional plan for alle viktige område, men for nokre utvalde område.

Pakkeforløp hjerneslag fase 2 blei publisert i november 2019. Med fase 2 blir pakkeforløpet utvida til også å omfatte oppfølging og rehabilitering etter hjerneslag. Fase 1 av pakkeforløpet, akuttforløpet, blei lansert i desember 2017. Til saman utgjør fase 1 og fase 2 eit heilskapleg pakkeforløp frå symptomdebut til vidare oppfølging og rehabilitering etter eit hjerneslag.

Nasjonal fagleg retningslinje for behandling og rehabilitering ved hjerneslag blei revidert og ny versjon blei publisert i desember 2017. Retningslinja skal ligge til grunn for tenestene.

Fagdirektørane i helseføretaka og ved Haraldsplass Diakonale Sykehus (HDS) har blitt rådspurt i vurderinga, og dei stiller seg bak konklusjonane i denne saka.

## Kommentarar

### *Heilskapleg pakkeforløp for hjerneslag*

Pakkeforløp hjerneslag er no eit heilskapleg pakkeforløp frå symptomdebut via prehospitale tenester til akutt innlegging, utgreiing og akuttbehandling i slageining, tverrfagleg kartlegging og vurdering av det vidare forløpet, inkludert eventuell rehabilitering i spesialisthelsetenesta eller i kommunal regi. Avslutninga av pakkeforløpet skal som hovudregel vere i tilknytning til ein 3 månaders kontroll i spesialisthelsetenesta. Kontrollen bør inkludere ei grundig vurdering og råd om eventuell nødvendig

langtidsoppfølging. Målet er at pakkeforløpet kan bidra til bedre helsetenester for slagramma og god meistring av livet etter hjerneslaget.

#### *Måling av pakkeforløpet*

I pakkeforløpet er det definerte målepunkt gjennom heile behandlingsforløpet, og sjukehusa er ansvarlege for å sikre god registreringspraksis for dei ulike målepunkta.

Målepunkt i fase 1 av forløpet blir registrert i Norsk hjerneslagregister, som også har ein [resultatportal](#). Portalen viser måloppnåing på forløpstider ved alle sjukehus, og gir viktig informasjon om tilbudet til pasientar med akutt hjerneslag.

Målepunkt i fase 2 av forløpet vil foreløpig bygge på eksisterande data i Norsk pasientregister (NPR) og Kommunalt pasient- og brukarregister (KPR). Frå 2020 vil resultat bli vist i ein rapport frå NPR, som vil gjere ein samanstilling av de data frå NPR, KPR og Norsk hjerneslagregister.

Det er per i dag både avgrensa kunnskap om og variasjonar i rehabiliteringstilbudet som pasientar får etter hjerneslag. Pakkeforløp hjerneslag fase 2 kan bidra med betre oversikt over tilbudet pasientane mottek, og kan også bidra til betre prioritering slik at pasientar med behov for rehabilitering, får det på riktig tidspunkt i sjukdomsforløpet.

Meir informasjon om pakkeforløpet er å finne på Helsedirektoratets nettside:

[www.helsedirektoratet.no/pakkeforlop/hjerneslag](http://www.helsedirektoratet.no/pakkeforlop/hjerneslag)

[www.helsedirektoratet.no/nyheter/utvidet-pakkeforlop-hjerneslag](http://www.helsedirektoratet.no/nyheter/utvidet-pakkeforlop-hjerneslag)

#### *Nasjonal fagleg retningslinje*

Nasjonal fagleg retningslinje for behandling og rehabilitering av hjerneslag er kunnskapsgrunnlaget for pakkeforløpet. Helsedirektoratet utgav retningslinja i 2010, og den blei delvis revidert i 2017 ([www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/hjerneslag](http://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/hjerneslag)).

I 2019 har det vore arbeidd med ei revidering av tilrådinga om trombektomi i retningslinja. Revideringa skjer på bakgrunn av ny kunnskap om effekt av trombektomi utover tidsvindaugget på 6 timar.

#### *Regionale kriterium og rutinar for trombektomi i Helse Vest*

Etter at Beslutningsforum for nye metodar i spesialisthelsetenesta i 2017 vedtok at trombektomi kunne vidareførast til behandling ved truande eller manifest hjerneslag, utarbeidde ei arbeidsgruppe i Helse Vest i 2018 eit sett av felles regionale kriterium og rutinar for seleksjon til trombektomi.

Helseføretaka fekk i oppdrag å sikre god implementering. Dei presiseringane som følgjer av regionale rutinar og kriterium for trombektomi skal framleis liggje til grunn.

#### *Utgreiing av oppgåve- og ansvarsdeling mellom Helse Bergen og HDS*

I samsvar med regional utviklingsplan Helse 2035 skal det gjerast ein samla gjennomgang av oppgåvefordeling mellom HDS og Helse Bergen. Organisering av hjerneslagsbehandling i Bergen vil inngå i denne gjennomgangen.

## Konklusjon

På bakgrunn av at det no føreligg nasjonale normerande dokument for heile behandlings- og rehabiliteringsforløpet ved hjerneslag, blir det vurdert å ikkje vere behov for å revidere den regionale planen for behandling og rehabilitering ved hjerneslag.

Helseføretaka og Haraldsplass skal legge den nasjonale faglege retningslinja til grunn for behandling og rehabilitering ved hjerneslag, med dei presiseringane som følgjer av regionale rutinar og kriterium for trombektomi.

Helseføretaka og Haraldsplass må sikre god registreringspraksis for alle målepunkta gjennom heile forløpet i spesialisthelsetenesta og følgje opp eigne resultat.

Dette vil presiserast i styringsdokumenta for 2020.

Administrerande direktør vil følgje med på resultatata frå målingane av pakkeforløpet for hjerneslag. På grunnlag av resultatata vil det i 2021 bli vurdert på nytt om det er behov for ein regional gjennomgang av behandling og rehabilitering ved hjerneslag.